



Behovsoppgåve: Storstova Leiknes skule

| Namn | Type | Merknad |
|-------------------------|---------------------------------|-----------------------|
| Storstova Leiknes skule | Fleir brukshall med sosialt rom | Anleggsnr 12630001203 |

| | |
|-------------------------------|-------------|
| Anlegget blei planlagt | 2014-2015 |
| Anlegget sökte spele midlar | Januar 2016 |
| Anleggssarbeid blei igangsatt | Vår 2016 |
| Anlegget blei fullført | |
| Spele midlar utbetaalt | |

Leiknes skule er eit knutepunktsområde for skule og aktivitet for bygdane Leiknes og Hjelmås . Med barneskule i senterområdet er det naudsynt at det er tilgjengeleg ein god arena for folkehelseaktivitetar. Leiknes skule har i fleire år vore utan eigen gymsal grunna ombygging av skulen. Dette har vore frustrerande for skulen og for innbyggjarane i ei bygd som før ombygginga hadde mange aktivitetstilbod.

Ein fleir brukshall vil bli nytta av skulane på dagtid, organisert og sjølvorganisert aktivitet på ettermiddag og kveldstid. Anlegget vil vere eit godt bidrag til aktivitet for publikum/deltakarar i samband med fritidsaktivitet, turneringar, idrettsarrangement, konsertar og forestillingar generelt.

Det er særskilt gledeleg at Bygdelaget 5915 har vore pådrivar for heile hallen, og har vore delaktig i prosessen underveis. Dette gir laget og bygda eit «eigarskapsforhold» til hallen som gjev gode vekselverknader med kommunen i framtida.

Storleiken på hallen, med fokus på volleyballsporten, gir eit fint og kjærkomment tilskot til denne idretten i heile Lindås kommune – og gjerne utanfor kommunen. Det blir også viktig å tenke «mini-formata» av øvrige idrettsaktivitetar i hallen, både minihandball og minifotball vil bli aktuelt. Planløysinga på bygget gjev kombinasjonar av aktivitet som verker fornuftig.

Prosjektet Storstova er tatt opp i Lindås Idrettsråd i fleire møte. Bygdelaget har orientert rådet og idrettskonsulent har halde informasjonen oppdatert.

Aktivetsområdet Leiknes skule har fått førem til ein grusbane, nokre leikeapparat og er utgangspunkt for flotte turløyper i nærområdet.

Per Ole Ekker
Idrettskonsulent

Isdalstø
28/10 – 2014

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

